



Kontrollutvalet

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Trine Lise Sagmo

E-post: Trine.Lise.Sagmo@sfj.no

Tlf.: 41530950

Vår ref.

Sak nr.: 15/12917-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

55208/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 04.01.2016

Oppfølging etter forvaltningsrevisjon - Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport

I FT-sak 13/15 vart det gjort følgjande vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tilrådingane frå revisor.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er ferdig, seinast innan 31. desember 2015

Deloitte har lagt fram ein rapport med 6 tilrådingar. Sjå tabell under for oversikt over tilrådingane med tilhøyrande tiltak, tidsplan og ansvarsfordeling.

I samråd med Innkjøpstenesta v/ innkjøpssjef Katrine Røkke Wilson er det gjort ei vurdering av om tilrådingane kjem inn under samferdsleavdelinga eller innkjøpstenesta sitt ansvarsområde. Nokre av tilrådingane går på overordna innkjøpsfaglege forhold som det er naturleg at innkjøpstenesta følgjer opp. Fleire av punkta vi har definert som innkjøpstenesta sitt ansvar inngår i ein revisjon av innkjøpsstrategien til fylkeskommunen som Innkjøpstenesta allereie har begynt på.



Pkt.	Tilrådingar	Tiltak	Når	Ansvar
1.	Overordna skriftlege retningsliner for innkjøp av kollektivtenester knytt til:			
	a) val av kontraktform (brutto- eller nettokontrakt)	Dette er ei vurdering som er relevant berre ved få kjøp, særleg ved Samferdsle sine kjøp, men ikkje berre dei. Innkjøpstenesta har byrja eit arbeid med å revidere innkjøpsstrategien til også (m.a.) å inkludere meir innhald på den delen som har med behovsvurdering og planlegging av kjøpet. Dette er ei vurdering som naturleg hører heime i denne tidlege fasen av innkjøpsprosessen. Innkjøpstenesta vil - dersom det er naturleg - innarbeide retningsliner for dette i den nye strategien.	Haust 2015-Vår 2017	Innkjøpstenesta
	b) organisering av innkjøpsprosessen (bruk av styrings- og arbeidsgruppe)	Dette er ei vurdering som må gjerast ved særleg store eller komplekse kjøp. Sjå tiltak for punkt 1 a)	Haust 2015-Vår 2017	Innkjøpstenesta
	c) sentrale aktiviteter (utarbeiding av framdriftsplan)	Eit av punkta for arbeidet for styringsgruppa vil vere å utarbeide ein framdriftsplan. Det skal også vurderast om dette skal verte stilt som krav som del av punkt 1 a).	Haust 2015-vår 2017	Innkjøpstenesta
	d) vurdering av habilitet	Sjå tiltak for punkt 1 a).	Haust 2015-Vår 2017	Innkjøpstenesta
	e) kva anbodsprosedyre som kan/bør nyttast	Sjå tiltak for punkt 1 a)	Haust 2015-Vår 2017	Innkjøpstenesta
	f) korleis gode forhandlingar skal gjennomførast	Relevant også for andre kjøp. Det er ønskeleg med ei rutine eller «beste praksis» for forhandlingar.	Haust 2016/Vår 2017	Innkjøpstenesta
	g) korleis ein kan sikre god opp-	Utarbeide overordna skriftleg retningsline for kontraktsoppfølging.	Utført	Samferdsle



	følging av kontraktane			
2.	Sørge for at anskaffingsprotokollen inneholder verdiberegning av anskaffingar, slik at alle krav knytt til protokollføring i FOA § 3-2 (med vedlegg) blir etterlevd.	Malen for anskaffingsprotokoll inneholder felt for dette.	Utført	Innkjøpstenesta
3.	Sørge for at arkivering i samband med kontraktsoppfølging skjer i tråd med fylkeskommunen sine retningslinjer.	Utarbeide plan for arkivering i samband med kontraktsoppfølging i tråd med fylkeskommunen sine retningslinjer og sørge for at arkivering er a jour. Innkjøp og innføring av eit elektronisk avtaleoppfølgingsverktøy (som heng saman med eit elektronisk konkurransejennomføringsverktøy).	Utført Fyste halvår 2016	Samferdsle Innkjøpstenesta. Samferdsle skal kunne gje innspeil på behov for innføring
4.	Sikre at det i framtidige anbodskonkuransar blir sett tilstrekkeleg med krav knytt til talet på driftsmøte og krav til handsaming av førespurnader og ev. klager frå kundar.	Krav til tal driftsmøte: Det er fastsett eit minimumstal møte i dagens kontraktar i tillegg til at fylkeskommunen kan avtale fleire møte. Dette vert vurdert å vere tilstrekkeleg for anbodskontraktane vi har pr. i dag, men vi tek med oss innspelet frå revisjonen til framtidige anbodsprosessar. Krav til handsaming av førespurnader og eventuelle klager frå kundar: Alle operatørar har eigne system for handsaming av førespurnader og ev. klager frå dei reisande. I dag er det berre bussanboda som har krav om rapportering av kundeklagar vidare til oss. Ved neste gongs utlysing av anbod på båt vil det bli vurdert om dette bør vere med.	Utført	Samferdsle
5.	Vurdere korleis ein kan få informasjon frå brukarane av båttilbodet – t.d. gjennom brukarundersøkingar.	Det er planlagt å gjennomføre brukarundersøkingar av same type som dei som er gjennomførte i Nordfjord-anbodet på alle anbod både på buss, lokal- og ekspresbåt. I tillegg er fylket med i nasjonalt kundebarometer for kollektivtrafikk. Dette er ei årleg undersøking som vil bli gjennomført første gong i 2016.	Utført	Samferdsle
6.	Vurdere om det på nettstaden «Kringom» bør vere høve for brukarane til	Samferdsleavdelinga ser at det vil vere nyttig å legge ut meir informasjon om kva kanalar passasjerane kan nytte for å komme med tilbakemeldingar, t.d. innspeil	Kontinuerleg	Samferdsle

	<p>å kome med generelle tilbakemeldingar og ev. avvik knytt til kollektivtilbodet (også båt).</p> <p>om ruteendringar.</p> <p>Det er høve til å kome med innspel direkte til oss via Kringom.no, og denne kanalen vert nytta allereie.</p>		
--	--	--	--

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Velaug Mo Veum
fylkesdirektør samferdsle

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Retningsliner for kontraktsoppfølging
Arkivering ESA – bussanbod
Arkivering ESA – lokalbåt
Arkivering ESA - ekspressbåt

Mottakar (ar)
Kontrollutvalet

Kopi til:

